

95-årig jubilant på Austnes: H mytt 6/2-79

Framleis i full vigør!



Eit ungleg spørsmål til ein som har nådd høgre i alder enn folk til vanleg gjer, er kva han har gjort eller rettare ikkje gjort for å leve så lenge. Nils Austnes har kome seg velberga gjennom 95 år no - dagen var den 25. januar - men han har ikkje gjort nok speiselt for å bli et eksempel på. Rett nok set han pris på råkost til middagen, men elles er han all slags mat. God helse har han hatt, har vore på sjukhus to gonger i sitt liv, den eine gongen for å ta blindarmen. Den andre gongen visste ingen rett kva som var gale, for dei fann ikkje noko. Elles likar han ikkje medisin, alt for mykje av det slaget som vert brukt i utrens mål, meiner han.

Har du tenkt å leve til du vert hundre?

Eg får seie som han sa skipperen då han framfor ei båtreis vart spurta om dei ville kome velberga fram: eg er budd på det verste, men vonar det beste. Det gjeld forresten om ein er ung eller gammal, for ingen kjenner sin siste dag.

Til dagleg er Nils L. Austnes å finne nede på "trelasten", der han framleis arbeider full dag. Han trivst så godt der nede, har stor hugnad i å lage ting, og for tida har han bestillinger på krakkar, vogger, blomsterbord og andre slike saker. Det er svært triveleg å ha noko å gjøre, for arbeidet er selebot for helsa, seier han.

Og når han syner deg rundt der nede, spring opp og ned trapper og viser fram det han har laga, og fortel om det han har tenkt å lage, legg han for dagen ein spenst som mang ein yngre mann kunne misunne han. Spensten sit i hugen og, med humor, god humoristisk sans og ein klar tanke.

"Trelasten" er forresten nesten som ein institusjon i seg sjølv, og vert framleis nemnt berre som N.L." Herfrå er det kome material til mang ei løe, naust og våningshus ute på øyane, og før ferdighusa kom, var det få bygg som ikkje fekk tilfanget sitt frå N.L.



Nils L. tok til med trelasthandel i 1913, og den første lasten av ubøvla bord

etter torsk og sild om vinteren og handla med trelast om sommaren.

I forstigninga tok han materialen i land der dampskipskain er, fortel han, men alt same sommaren flytta han ut dit dei held til no, for der var det nærdjupt og fint å kome i land. Det første lageret var eit vanlig naust, minnast han, sådan var det bygt sjøbud attafor det. A fylle ut kaien var eit stort arbeid, steinen vart henta fra marka ovanfor, der det var ualminneleg mykje av han, og koyrd på skjenar ned i fjern. Seinare er lagerbygningane vorte påbygd i fleire etappar, og no arbeider der tre generasjoner i lag.



Han Lars-Nils har lenge vore oppteken av kyrkjja og kyrkje arbeid, ei interesse som har kome meir i dei senare år. Mellom anna var han kyrkjeteinar i Haram kyrkje i 25 år, noko han først sluttet med i 1974, i ein alder av 90 år!

Eg fekk ein gong i oppdrag å ta brannakt på kyrkjja, men eg kom til at eg på ingen måte kunne gjøre det. For tenk deg at eg skulle takse kva altartavla er verd i pengar, sameleis måleria, det er umogleg. Vi har nemleg ei av landets mest kostesame og sjeldne altartavlar, sma er tre hundre år gammal. Diverse er det ikkje rid å finne ut kva mannen heiter som laga ho, men det finst opptekna kva materialen kosta, likeins maten til kunstnaren. Det er ei svært vakker kyrkje vi har, serig er det fin harmoni i fargane.

- Det har gitt mykje fram på det økonomiske og materielle området så eg er tilfreds med utviklinga. Men eg synest det er trist at dei ikke kan leve som medmenneske i lag mange stader, i Midt-Austen og mange land i Afrika, til dømes.

- Ungdomen i dag?

- Eg likar godt ein ungdom som gjer sitt begrep om kva som er rett og gale, som er faste i livsformål. Elles vil eg ikkje kritisere ungdomen, for når eg tenkjer på kor mykje tov ein sjølv var med på, vil eg vere still. Det var sikkert like mykje spetakkel før, og eg trur heilt at kulturen er hogare i dag enn den gongen. Ungdomen har meir utdanning i dag, i min ungdom skulle alle vere fiskarar.

- Korleis var det med skulegongen då du voks opp?

- Den første tida var det omgangsskule i ei stove her på Austnes. Sidan gikk vi på skule i gamle klokkarstova på Akre, og dei siste tre åra i nyskulen der ute, det var svært då den kom.

- Eg hugar at når vi kom att frå skulen vintersdagane, måtte vi ned på båtane og sjå kva fisk dei hadde, for vi hadde fritt av oss skulekleda. Då fekk vi gjerne kome om bord og vere med og lempa fram fisk frå bingane. Det likte vi godt, men når vi kom på skulen igjen i same kleda, tykte læraren det luktet fisk av oss.

Læraren deira heitte Grytnes, forresten far til Henrik Ryttar, fortel Nils, og han var ein interessant og dugande gardbrukar. Han lærde folk å legge att dei gamle akraene til atleger og bryte ny åker, og potetene og kornet vart mykje friskare av det. Dette vart ein spore til framgang, slik at gardsbruka på Akre låg langt framme for si tid.



Det var gode tider her ute på øyane i barne- og ungdomsåra til Nils, hugar han. Det var dei rike tonskefiskeria som skaffa folk velstanden, og dessutan sjøfisket, som var nytt på Sunnmøre den gongen. Fiskeria la grunnen for ein velstand som folk inne i fjordane ikkje nådde i og vinterstida kom det difor mange ronkarar hit ut innanfra landet for å tene seg nokre fiskekroner.

Såles gikk det opp til seksti båtar på Ulla i topskifset, bemanna med folk frå Vatnefjorden, Samfjorden, Romsdalen og andre stader.

- Dei gode fiskeria skapte grunnlag for investeringar i nytt utstyr og framgang på mange områder. På denne tida slutta dei då også å bruke opne båtar, somme la dekk i gamlebåten, og andre fekk seg nye dekskbåtar. Det tok også til å kome motor i båtane, og den første båten med motor her var "Forsok", som kom frå England og som hadde med ein engelskmann som maskinist første vinteren.

- Andre ting du minnest frå ungdomstida ditt?

- Eg kan vel godt hugse 1905. Speilet hugar eg at den tanken var ubegripeleg for folk at grensefestningane skulle ned og legge landet ope for svenskane. På eit folkområde på Akreskulen vart det vedteke og sendt til hovudstaden ein resolusjon om at festningane måtte stå. Chr. Michelsen var forresten ein ualminneleg og dugande

statsminister, og det er mykje hans ære at landet vart berga gjennom dette året utan krig.



- Kva tankar har du om framtida for din eigen del?

- Eg tek ein dag i senn. Dagane går fort og lett så lenge ein er oppteken med noko og ein får vere frak. Men både kropps- og åndsevne er nok gatt mykje attende, ein er ikkje like sprekk som i ungdomen. Men eg har det svært godt i heimen her, med både born og borneborn rundt meg - det hadde vore mykje tristare å vere på gamleheim, til domes. Her har eg ikkje noko sorg for matstell, klede og slike ting, og det betyr mykje for meg å få vere i lag med mine eigne.